



**ÅRSPLAN OG
INFORMASJONSKALENDER
BARNEHAGEÅRET
2018 – 2019**

TRYGGHEIM BARNEHAGE

Pb 78, 6239 Sykkylven

Besøksadresse: Hagneset 12

Tlf kontor 40 03 42 56

Tlf Skjorareiret 40 03 73 23

Tlf Maurtua 40 03 90 31

tryggheim.sykkylven@nlmbhg.no



Ekte glede på sikker grunn



Om Tryggheim Barnehage, Sykkylven

Tryggheim Barnehage er ein del av NLM-barnehagene AS. NLM-barnehagene AS driv 33 barnehagar på vegne av Norsk Luthersk Misjonssamband. I tillegg driv NLM 7 barnehagar åleine eller i samarbeid med andre organisasjonar. Barnehagane er plassert frå Mandal i sør til Finnsnes i nord. Ti av barnehagane er i Møre og Romsdal. NLM-barnehagene AS er eit ikkje-kommersielt selskap. Eventuelle overskot skal nyttast til å utbetre og styrke medlemsbarnehagane. Dagleg leiar i NLM-barnehagene AS er Harald Berge Breistein.

Tryggheim Barnehage har to avdelingar. Dette er Skjorareiret med 18 plassar for barn i alderen 3–6 år og Maurtua med 14 plassar for barn i alderen 0–3 år.



Vår visjon

**BARNA SKAL FÅ OPPLEVE
EKTE GLEDE PÅ SIKKER
GRUNN**

Kontaktinformasjon

Dagleg leiar: Anita Elin Woldsund

Tlf 40 03 42 56

Mailadresse:

tryggheim.sykkylven@nlmbhg.no

Heimeside:

<http://tryggheim-sykkylven.barnehage.no>

Når barna byrjar i barnehagen får foreldra sitt eige passord til heimesida på mail. Her vert månadsplaner, vekeplaner, bilete og informasjon lagt ut.

Opningstid:

06.45 – 17.00

Det vert anbefalt at barna ikkje har lengre dagar enn 9 timar.

Barnehagen er stengd i romjula, påskeveka og 4 veker i fellesferien.

Det er 5 studiedagar i løpet av barnehageåret. For 2018/2019 er dette følgjande dagar:

6.august, 9.november, 2.januar, 3.april og 31.mai

Barnehagen er stengd desse dagane.



Årsplanen

Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje rammeplanen sitt formål og innhald og barnehageeigars lokale tilpasning til pedagogisk praksis. (Rammeplanen, 2017)

Den skal være eit utgangspunkt for foreldra sitt høve til å kunne påverke innhaldet i barnehagen. Videre er den eit grunnlag for kommunen sitt tilsyn med barnehagen. Årsplanen skal gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til eigar, politikarar, kommune, barnehagen sine samarbeidsparter og andre interesserte. Daglig leiar har det faglege ansvaret for Årsplanen og den skal utarbeidast i samarbeid med foreldra. Det er Samarbeidsutvalget som godkjenner Årsplanen.

Barnehagelova

Barnehagelova regulerer barnehagane i Norge. Lova gjeld både private og offentlege barnehagar. Det er ulike forskrifter til barnehagelova. Ein av desse er : Rammeplan for barnehager.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-04-24-487>

Den kristne bodskapen

Som tidlegare nemnt er det NLM som eig og driv barnehagen. Det inneber at vi i vår barnehage har vedtektsfesta ei vid praktisering av lovens kristne formålsbestemmelse. Norsk Luthersk Misjonssamband har formulert sin livssynsbestemmelse på følgjande måte:

Barnehagen skal i nær forståing og samarbeid med heimen hjelpe til med å gi barna ei kristen oppseding i eit trygt og godt miljø. Den skal gi gode utviklings- og aktivitetmuligheter og utvikle deira evne og vilje til samarbeid med andre, bære ansvar og ha omsorg for medmenneske både i heimlandet og mellom andre folkeslag.

Bibelen lærer at:

- Mennesket er skapt av Gud
- Livet er heilagt og ukrenkeleg frå fødsel til død
- Kvart einaste barn er like verdifullt og skal bli gitt dei same sjansane i livet

Vi ynskjer å:

- La barna få bli kjent med Jesus gjennom bibelforteljingar
- Vise barna respekt og hjelpe dei å utvikle eit sunt og trygt sjølvbilette

- Lære barna å vise respekt for og ta ansvar for kvarandre
- Fokusere på barn i andre land som ikkje har dei same sjansane som barn i Norge har. At alle kan hjelpe litt dei som veks opp under vanskelege kår.



Verdigrunnlag

Tryggleik og omsorg

Omsorg, kjærleik og tillit. Barna skal få erfare at dei kan stole på andre og vere trygge i fellesskapet og trygge på seg sjølve.

Trivsel

Vi ynskjer å ha god kontakt med og eit nært samarbeid med foreldra. Alle skal føle seg velkomne. Vi vil jobbe for eit godt forhold mellom barna og mellom barn og vaksne. Barna skal få meningsfulle opplevingar.

Glede

Vi ynskjer ei god stemning på barnehagen, godt humør og plass til smil og latter. Glede over meistring.

Fellesskap

Alle er verdifulle og viktige for fellesskapet. Vi skal møte kvarandre med respekt og toleranse. Alle skal få oppleve det godt å vere saman med dei andre.

Læring

Kvardagssituasjonar som måltid, samling, leik, av – og påkledning er situasjonar der barna lærer mykje. Både når det gjeld språk, motorikk, innleving og erfaringar. Det blir lagt opp til læring av spesielle emne i t.d samlingsstunder og på førskulen.

Leik

Barnehagen skal bidra til at alle barn får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik. Det blir lagt stor vekt på leik i barnehagen. Leiken er barnas viktigaste aktivitet. Gjennom leiken utforskar dei omgjevnadane og lærer mykje både sosialt og kunnskapsmessig. Dei minste barna får mange av sine erfaringar nettopp gjennom leiken. Dei utviklar og styrkjer identiteten og sjølvkjensla si. Vi skal bidra til at barna kan oppleve glede,

humor, spenning og engasjement gjennom leik, åleine og saman med andre. Vi vil jobbe for at leiken ved barnehagen skal få gode vilkår og at det vert ein positiv aktivitet for alle barna.



Danning

I rammeplanen står det at barnehagen skal fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåte. Det er korleis ein forhold seg til omverda og grunnlaget for korleis ein skal handle når ein kjem opp i ulike situasjonar i det daglege. Barn må få utfordringar og sjansen til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter. Dei må få støtte til å handle omsorgsfullt og gjere etisk grunngitte val.

Tilvenning i barnehagen

Vi ynskjer å legge til rette for at barn og foreldre skal få ein god start i barnehagen. Det er viktig for oss at vi får bli kjent med barnet og at barnet kjenner seg trygg saman med personalet og dei andre barna i barnehagen. Det er også viktig å bli godt kjent med foreldra og å etablere eit gjensidig tillitsforhold. Alle foreldre får tilsendt eit velkomstbrev som mellom anna inneheld ei plan for tilvenningsperioden i barnehagen.



Overgang barnehage – skule

Barnehage og skule har ansvar for å skape ein god overgang mellom barnehage og skule i nært samarbeid med dei føresette. Sykkylven Kommune har ei eiga plan for dette. Denne planen omtaler kva kontakt som skal vere mellom barnehage og skule og korleis overgangen skal vere for barn og foreldre. Alt med det formål å gi barna ein god start i første klasse.

Barnas medverknad

I barnehagelova står det:

“ Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.”

Vi vil jobbe for:

- Eit fritt samspel og ein fri dialog mellom vaksne og barn. Likeverd og respekt skal prege samtalanene mellom barn og vaksne.
- Å skape rom for sjølvvalde aktivitetar.
- At barna skal bli tatt på alvor og lytta til, bli sett og bekrefta av andre.
- Å legge til rette for ulike typer aktivitetar og at barna kan få fortsetje

seinare med det dei ikkje vart ferdige med.

- Ei gradvis opplæring i medbestemmelse og demokratiske prinsipp.



Samarbeid med heimen

Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Det er difor viktig å skape tillit, åpenheit og trygghet overfor kvarandre. Vi må alltid ha barnets beste som mål. Vi vil legge til rette for at ein skal kunne utveksle observasjonar og vurderingar knytta til helse, trivsel, utvikling og

læring til barnet. Utgangspunkt for eit godt samarbeid er dagleg kontakt ved levering og henting, foreldresamtaler, foreldremøter, heimeside og sosiale samankomstar.

Førskulen

Dei barna som skal starte på skulen til hausten er med i førskulegruppa. Kvar gong vil barna få oppgåver i samband med det emnet vi held på med. Og vi les eit stykke frå ei bok som vi brukar gjennom heile året. Barna har permar der dei samlar oppgåvene som dei har gjort. Å vere ordensvakt på førskulen går på omgang. Ein gong pr år er førskulebarna med på ein felles aktivitetsdag for alle førskulebarna i kommunen. Dette er på Slettegjerde i Straumgjerde. Dette er ein utedag med grilling, postar med ulike oppgåver og natursti.

Tema på førskulen:

- Eg sjølv og dei andre i familien
- Form og farge
- Storleik og høgde
- Antal og mengde

Barnehage og skule skal legge til rette for ein god overgang for 6-åringane frå barnehage til skule. Gjennom eit forpliktande samarbeid med skulane har det blitt vedteke ein eigen plan for dette.



Styring og samarbeid

I barnehagelova heiter det at alle barnehagar skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Forskriftene seier dette om oppgåvene desse skal ha.

Foreldrerådet

- Består av alle foreldre/foresatte til alle barna i barnehagen.
- Skal fremme fellesinteressene til foreldrene og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet

- Består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen. Hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta med like mange representantar som de andre gruppene.
- Skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ.

Kven som har verv i foreldreråd, samarbeidsutval og adventsfestkomitè vert opplyst i referat frå første foreldremøte om hausten.

Eigarstyret

- Skal ta hand om eigaroppgåvene, til dømes organisering, budsjett og andre avgjerder som gjeld drifta av verksemda. Slike avgjerder vil gjelde fastsetjing av vedtekter. Består av to representantar frå NLM lokalt og ein representant frå NLM's regionstyre. Dagleg leiar ved barnehagen er sekretær.

Eigarstyre ved Tryggheim Barnehage

Leiar: Lars Birger Stige
Jens Birger Lervåg
Ein representant frå Regionstyret
Sekretær: Anita Elin Woldsund

Dokumentasjon

Dokumentasjon er korleis vi syner fram det arbeidet som blir gjort og kva barn opplever og lærer i barnehagen. Innhaldet i barnehagen vert dokumentert ved hjelp av planar, bilete og kommentarar som blir hengt opp i barnehagen eller lagt ut på heimesida vår. Dokumentasjonen danner grunnlag for nye planer og utvikling av barnehagen. Samtalar og utveksling av dagens små og store hendingar mellom foreldre og

personale er også viktig når barna vert levert og henta. Dokumentasjon av enkeltbarn vert først og fremst nytta i foreldresamtalar. Dokumentasjon som gjeld enkeltbarn kan brukast i samarbeid med hjelpeinstansar utanfor barnehagen når det skjer i samarbeid og forståing med foreldre/foresette.



Vurdering

Vurdering av innhaldet i barnehagen skal sikre at barna får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjonar frå heile personalgruppa. Ein må heile tida tenkje gjennom kva som er bra og kva som kan bli betre. Slik kan ein lære av eigen praksis og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd. Det er viktig å ha både det enkelte barn og gruppa i fokus. Avdelings- og personalmøter er viktige arenaer for vurdering i fellesskap.

Fagområda i rammeplanen

Innhaldet i barnehagen er delt inn i sju fagområde som skal vere sentrale for oppleving, utforskning og læring. Fagområda er i stor grad dei same som barna kjem til å møte i skulen. Arbeidet med fagområda skal organiserast som tverrfaglege tema der fagområda skiftar på å stå i fokus.

Kommunikasjon, språk og tekst

Barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståelse, språkkompetanse og ulike kommunikasjonsformer. Barna skal få erfare ulike formidlingsmåtar av tekster og forteljingar. Skriftlege og muntlege forteljingar, poesi, dikt, rim, regler og songar står sentralt.

Kropp, rørsle, mat og helse

Vi vektlegg eit sunt kosthald og veksling mellom aktivitet og kvile. Vi skal inspirere barna til å vere aktive og bli glade i naturen. Det skal arbeidast for å trygge barn si fysiske og psykiske helse. Og å innarbeide gode vaner. Det fysiske miljøet ute og inne skal inspirere til trygg og utfordrande aktivitet/leik for alle.



Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen skal gi barna høve til å oppleve kunst, kultur og til sjølve å uttrykke seg estetisk. Fantasi, kreativitet og skaparglede er viktig. Sameleis evna til å lytte og observere. Og oppleve glede og stoltheit over eigen kulturell tilhørigheit.

Natur, miljø og teknologi

Barna skal bli kjende med og få forståing for planter, dyr, landskap, årstider, ver og samspelet i naturen. Grunnlaget for å erfare korleis teknikk kan brukast i leik og kvardagsliv ligg i dette fagområdet. Barna skal få ei gryande forståing av at menneske og miljø er gjensidig avhengige av kvarandre. Skape nyskjerrigheit for naturvitenskaplege fenomen.

Etikk, religion og filosofi

Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som vi skal ha med verdiar og tradisjonar frå den kristne kulturarven. Det skal setjast av tid til filosofiske samtalar omkring grunnleggande tema som normer og verdiar. Ein skal møte barna si tru, spørsmål og undring med alvor og respekt.

Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal gi kunnskap om og erfaringar med lokale tradisjonar slik at barna kan oppleve tilhørigheit til nærmiljøet. Barna skal erfare at deira val og handlingar kan påvirke situasjonar for dei sjølve og andre og at deira meiningar er viktige. Ein skal arbeide for likestilling, bidra til at barna får forståing for kulturelt mangfald og forebygge mobbing og rasisme.



Mengd, rom og form

Gjennom utforsking av rom og form erfarer og lærer barna stadig nye omgrep og utviklar grunnleggande matematisk kompetanse. Vi skal resonnerer og undre oss saman med barna om likskap, ulikskap, storleik og tal og stimulere evna til å bruke språket som reiskap for logisk tenking. Vi skal stimulere barnas undring, nysjerrigheit og motivasjon for problemløysing.

Sjå vedlagt progresjonstrapp for dei ulike fagområda.

Sykkylven – ei trafikksikker kommune

Som ein del av satsinga til Sykkylven Kommune er barnehagane i bygda også med på å jobbe mot ei trafikksikker kommune. Ein kan alt frå barna er små vere med å skape gode haldningar og gi kunnskap om å ferdast i trafikken på ein god og trygg måte. Det er svært viktig å ha med foreldra på laget i dette arbeidet. Som vaksne er vi barnas rollemodellar.

Mål:

- Styrke og utvikle gode haldningar til trafikk og åtferd i trafikken.
- Hjelp barna med å bli sikre og ansvarsfulle trafikanter.
- Dei vaksne skal vere gode rollemodellar.



Samarbeidspartnarar

Barnehagen samarbeider med helsestasjonen og Barne- og Familietenestene . Vi har faste fagmøte der desse instansane er med. Vi samarbeider også med flyktningekontoret. Vi har eit fagleg samarbeid med dei andre barnehagane i Sykkylven. Det har vi også med NLM-barnehagane både her i fylket og på landsplan.

Personalet

Dagleg leiar:

Anita Elin Woldsund

70 % administrasjon

SKJORAREIRET

Pedagogisk leiar:

Tove Vemøy Flackè 70 %

Anita Elin Woldsund 30 %

Ole Petter Stenberg 100 %

Assistentar:

Sonja Urke Torset 80 %

Kristin Otterdal Lillebø 30 %

MAURTUA

Pedagogisk leiar:

Grethe Ekelund 100 %

Ingebjørg Kjersheim 80 %

Nina Leine Grebstad 20 %

Assistentar:

Nina Leine Grebstad 60 %

Nemia Basadre Rønneberg 80 %

Siv Berit Riksheim 86 %

Oddhild Bakke Nygård 32 %

Fokusområde i år

Solid Start Sykkylven

Vi skal legge til rette for fysisk aktivitet . Målet er å fremje helse, utvikling og læring. Og skape gode relasjonar mellom barna. Dette er felles for alle barnehagane i Sykkylven kommune og eit opplegg som har tidleg innsats og aktivitet for alle som hovedfokus. Opplegget er retta særleg mot barn i alderen 3-6 år men mykje av det kan brukast for dei mindre barna også. Det er eit samarbeid med kommunal fysioterapeut og ergoterapeut. Solid Start Sykkylven er med på å legge grunnlaget for utvikling av ferdigheiter som skal gjere barnet meir moden og klar for læring ved skulestart.

Sosial kompetanse

Barnehagen er både ein sosial arena og ein læringsarena. Sosial og emosjonell kompetanse er sjølv grunnlaget for ei god utvikling på alle felt. Vi ynskjer difor å ha særleg fokus på dette i år.

Sosial kompetanse handler om å kunne fungere godt saman med andre menneske i ulike situasjonar. Det omfattar ferdigheiter, kunnskap og haldningar som vert utvikla gjennom sosialt samspel.

Omgrepet sosial kompetanse vil ha noko ulikt innhald for dei ulike aldersgruppene. For dei minste barna er omgjengelegheit i samspel med andre barn særleg viktig. Å kunne smile til andre barn, ta initiativ til leik, gi positiv respons når andre barn tek kontakt og å kunne imitere andre barns ansiktsuttrykk.

Gjennom eit tilpassa opplegg ut frå barnas alder og dei to barnegruppene vi har ynskjer vi å jobbe for at barna får:

- Leike med andre og oppleve fellesskap og vennskap ved å støtte deira initiativ til samspel.
- Vere gode mot kvarandre og ta hensyn til kvarandre.
- Vise omsorg, dele og vente på tur.
- God sjølvkjensle
- Kunne meistre balansen mellom å få dekkja egne behov og ta hensyn til andre sine behov.
- Regulere følelser og åtferd på ein god måte.
- Setje egne grenser og respektere andre sine grenser.
- Finne gode løysingar i konfliktsituasjonar.
- Vere ein viktig del av fellesskapet og bidra med noko positivt
- Kunne samarbeide om felles prosjekt.
- Ta vare på kroppen sin.
- Ta gode val.

I dette arbeidet nyttar vi opplegget «Det er mitt val»

Årsplanen godkjent i Samarbeidsutvalet
25.5.18.

